

NVE

Innsendt dato: 29.06.2015

Referansenummer: DWEETH

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201101110
Sakstittel	Rydøla kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Firma/organisasjon

Føretak/organisasjon	
Organisasjonsnummer *	991261109
Føretak	GAUPNE GRUNNEIGARLAG
Adresse	v/Hans Edin Prestegård
Postnummer	6868
Poststad	GAUPNE
Telefon	57 68 11 78
E-post	hansedin@online.no
Kontaktperson	Hans Edin Prestegård
Telefon	95069090
E-post	hansedin@online.no
Adresse	Gardavegen 3 a
Postnummer	6868
Poststad	Gaupne

Høyringsfråsegn

Høyringsfråsegn

Styret i Gaupne grunneigarlag, org. nr. 991 261 109 ynskjer utbygging av Rydøla. Grunneigarlaget betsar av grunneigarar i Gaupne mellom Jostedalselva austside og Engjadalselva vestsida. Dette er grunneigarar som har måtta avstå store areal i Gaupne etter at det vart sentrum i storkommunen Luster. Med interessenttilskot frå dei vart den komunalevegen i si tid bygd opp i Engjadalen. Derifrå har laget bygd bomvegen opp til Brunestegen ca 650 m over havet. Vidare derifrå driv laget bygging av ein landbruksveg på 5,7 km i retning Rydalen. Dette for å letta tilsyn og sank med over 2000 sau og nokre storfe som beitar i område. Vidare kjem grunneigarane til skogteigar som ligg i felles hamn. Dette er tilpassing av gardsdrifta etter at desse grunneigarane har avstått mesteparten av skogteigane som ligg i YTAMO NATURRESERVAT på ca. 2000 da. Etter at det er bygd 2 km med veg frå Brunestegen mot Rydalen har trafikken med turgåar auka, og parkeringsplassen på Brunestegen treng utvidast. Får Luster Småkraft byggja ut Rydøla kan dei bruka vegen etter avtale, og det vil vera ein stor fordel for laget med tanke på framtidig vedlikehald.

Grunneigarlaget driftar og ein landbruksveg langs Jostedalselva austside frå Gaupne (Hagasanden) og til Åsmo ca 6,5 km. Den siste kilometeren frå Ytamo til Åsmo ligg inne i naturreservatet, og er i ferd med å gro att etter at vernepåbudet kom i 2004. Staten har ikkje gjeve erstatning for vegen inne i reservatet, eller bruk av vegen inntil reservatet. Vegen er difor steng for køyring for andre enn grunneigarane. Sidan 1989 har Rydøla vore årsak til 2 naturskadar, begge gonger har brua og elveforbygginga vorte rasert. I tillegg eigenandelene har grunneigarlaget teke kostnad med oppreinsking ved foten av fjellet for å hindra nye elveløp som det har vore fleire av gjennom tidene. Problemet er at det ofte rasar ut stein i fjellsida ved fossen og legg seg i elveløpet. Grunneigarlaget kan ikkje forsetja å ta kostnad med oppreinsking då brukar interessene våre er mykje mindre nord for Rydøla etter naturreservatet kom. Luster Småkraft vil plassera kraftstasjonen nord for Rydøla like ved brua, og då vil grunneigarlaget få ein ny interessant der. Elles er me skuffa over rådmann i Luster sin innstilling i saksframlegg til kommunestyret, og vil berre kort nemna at me reknar med at dei som har sett grensene for Ytamo naturreservat, også har vurdert forholda ved Rydøla som ligg nokre hundre meter sør for grensa. Om kongeørna vert uroa i anleggstida så står det ikkje på mat med alle sauene i fjellet. Isklatring er me ikkje kjend med utanom ein redningsaksjon i 2013 då våre vegar vart nytta .

Me ber om at NVE gjev Luster Småkraft konsesjon for utbygging av Rydøla, og støttar Luster kommune sitt vedtak i formannskap og kommunestyre.

	Med helsing For styret i Gaupne grunneigarlag Hans Edin Prestegård.
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	